



Årsmelding 2025 – Allidrett-gruppa Kviteseid Idrettslag

Aktive medlemmar i undergruppe «ski» har vore: Jostein Reiten (leiar), Morten Andersen, Erik Landsverk og Kristian Skogheim.

Aktivitet

Sesongen 2025/2026 har skigruppa arrangert karusellrenn i ljosløypa ved Kviteseidhallen. Me kom litt seinare i gang, då snøen var veldig tørr og lett og vanskeleg og pakke. Tradisjonen tru har Kiwi Kviteseid vore venlege og sponsa oss med frisk frukt til borna. Totalt har me hatt **52** unike deltakarar

Vedlikehald og drift av ljosløype

Skigruppa har tidlegare hatt ein dag med rydding før sesong, der ein har rydda stein og kjørt med beitepussar. Heller ikkje i år har det vore ein koordinert dugnad i ljosløypa, men enkeltmedlemmer i gruppa har jobba med løypa når det har vore tid. Kviteseid kommune sin fjernstyrte beitepussar gjorde ein veldig god jobb i traseen, med Morten Andersen bak spakane. Elevar ved Kviteseid skule har, i år som i fjor, og hatt glede av løypene dei dagane dei har hatt uteaktivitetar.

Endringar i gruppa

Etter formell omorganisering av undergrupper har arbeidet med å legge til rette for skiaktivitetar heldt fram med dei same deltakarane. Det har så langt ikkje vore aktivitetar knytt til område “all-idrett”, men me har hatt eitt møte med leiar i Vrådal idrettslag for å lære av deira erfaringar med konseptet “all-idrett”. Rekruttering av vaksne ansvarlege er utfordrande.

Kviteseid 12. mars 2026

Skigruppa v/ Jostein, Morten, Erik og Kristian